



## MØTEREFERAT

Plan:	<b>Moglegheiter for utviding av gravplass på Lindås</b>		
Møtestad:	Rådhuset		
Møtedato:	12.12.2017	Versjon 2 (endeleg versjon)	

Namn	Firma	Tilstade	Referat til
Torgeir Paulsen	Lindås kyrkjelege fellesråd	x	x
Bjarte Helle	Lindås tomteselskap	x	x
Frøydis Ones	Lindås kommune, Planavdelinga	x	x
Kristin Nielsen	Lindås kommune, Planavdelinga	x	x

### Møteplan:

- Lindås kyrkjelege fellesråd har bedt om eit møte for å sjå på kva som må til for å utvide gravplassen på Lindås.

Nr	Tekst	Ansvar	Frist
1	<p>Lindås kyrkjelege fellesråd ser at det er trong for fleire gravplassar ved Lindås kyrkje innan kort tid, og ønskjer at gravplassen som ligg aust for fylkesvegen vert utvida innan utgongen av 2020, med tilhøyrande parkeringsplass.</p> <p>Dei ønskjer også ein ny prosesjonsveg mellom kyrkja og den utvida gravplassen, og ser for seg at ein kan nytte tilkomsten via undergangen nord for kyrkja og gravplassen, med en ny veg frå nord ned til gravplassområdet. Dei ser også for seg ein ny, mogleg kopling frå sør, som alternativ nr. 2.</p>		
2	<p>Planavdelinga informerer om at i reguleringsplanen «Riksveg 568 gjennom Lindås tettstad, endra» med plan-ID 1263-199001, er gbnr 108/161 og 108/586 regulert til føremålet grav- og urnelund. Det er også sett av til dette føremålet i kommuneplanen. Når det gjeld gbnr</p>		





	<p>108/380 og 108/401 som er eigmend av Lindås tomteselskap, er desse vist som næringsareal i reguleringsplanen nemnt over, men som grøntstruktur i kommuneplanen. Kommuneplanen er vedteken sist, og difor er det føremålet i kommuneplanen som er gjeldande for desse areala.</p> <p>Gbnr 108/36 ligg med føremålet bustad både i den nemnte reguleringsplanen og i kommuneplanen.</p>		
3	<p>Kommunen har motteke planframlegg for Fv. 57 gang- og sykkelveg <i>Lindås – Mongstad</i>, med plan-ID 1263-201407 frå Statens vegvesen (SVV). I dette planframlegget er store delar av området avsett til grav- og urnelund lagt som mogleg, mellombels riggområde. Området vil verte tilbakeført til opphavleg føremål når anleggsarbeida er avslutta. Planavdelinga informerer om at det er mogleg å kome med innspel til planframlegget når det vert lagt ut på høyring etter 1. gangs politisk handsaming. Planframlegget har førebels ikkje vore handsama politisk. Første moglege møte i Plan- og miljøutvalet planen kan verte lagt fram for politisk handsaming er 25. april.</p> <p>Det er ikkje tidfesta når arbeidet med Fv. 57 vil kunne verte påbegynt, dette er usikkert. Planavdelinga sjekker om SVV har meir eller ny informasjon om dette.</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- <b>Tilbakemelding frå SVV:</b> <i>Strekninga langs Fv. 57 mellom Lindås og Mongstad har kome inn på «Regional transportplan Hordaland 2018-2029», men ligg nedst på prioriteringslista.</i></li></ul> <p>Kommunen tek kontakt med SVV for å høyre om dei har trong for heile det mellombels riggområdet dei har sett av, eller om dette kan reduserast. Båndlegginga legg føringar for utviding av gravplassen.</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- <b>Tilbakemelding frå SVV:</b> <i>SVV frarår Alternativ 1 (sjå punkt 5), dvs. kopling via gang- og sykkkulvert med tilkomst til gravområdet frå nord. Dette er grunngjeve ut frå <u>trafikktryggleiksperspektivet</u>. Dei frarår at gravferdsfølge brukar denne traseen pga. faren for kollisjon mellom gravferdsfølge og transportsyklistar som kjem i høg fart, og barn til fots og på sykkel, då området ligg mellom skule- og bustadområdet for ein stor del av borna på Lindås.</i></li></ul> <p><i>Når det gjeld Alternativ 2 (sjå punkt 5), med mogleg parkeringsplass i mellombels riggområde, er dette eit område der det er opna for mogleg, mellombels anleggsveg under dei framtidige arbeidene med Fv. 57, men føringane vil truleg ikkje vere så sterke at dei vil vere til hinder for at det kan verte plassert ein parkeringsplass her.</i></p>		





	<p>Kommunen føreslår at det vert gjennomført eit møte mellom Lindås kyrkjelege fellesråd, Statens vegvesen og kommunen for å se på konkrete løysingar.</p> <p>Reguleringsplanen for «Riksveg 568 gjennom Lindås tettstad, endra» er gjeldande plan.</p>		
4	<p>Lindås kyrkjelege fellesråd lurar på om det vil kunne vere mogleg å eventuelt nytte gnr 108/36 som utvidingsområde for gravplassen. Denne tomta er ikkje omfatta av mellombels riggområde, og det har tidlegare vore opplyst at dette er ein branntomt. Planavdelinga sjekkar ut kva som er status for tomta og om den kan vere aktuell som gravplass reint planmessig. Det går allereie ein veg inn i dette området.</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- <b>Tilbakemelding:</b> <i>Gbnr 108/36 er eigd av Lindås kommune. Tomta er sett av til bustadføremål både i kommuneplanen og i gjeldande reguleringsplan. Det er førebels ikkje avklart om kommunen har konkrete tankjer for denne tomta. Dersom det viser seg å vere aktuelt for kommunen at dette arealet vert nytta som grav- og urnelund, er det avhengig av å verte omregulert frå bustadføremål til grav- og urnelund. Det vil også kunne vere mogleg å endre dette arealføremålet ved å kome med innspel til revideringa av kommuneplanen sin arealdel som har starta opp.</i></li></ul>		
5	<p>Lindås kyrkjelege fellesråd ser for seg to alternativ for etablering av prosesjonsveg:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>▪ Alternativ 1: Kopling via gang- og sykkelvegen som går under Fv. 57 nord for gravplassen, og med tilkomst inn i det utvida gravområdet frå nord.</li><li>▪ Alternativ 2: Gjennom eksisterande gravfelt, vidare fram til mogleg utvida gravfelt.</li></ul>		
6	<p>Lindås kyrkjelege fellesråd ønskjer også parkeringsplassar i direkte tilknyting til gravplassen. Planavdelinga sjekkar om det er mogleg å etablere parkering i tilknyting til gravplass innanfor føremålet <i>grav- og urnelund</i>.</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- <b>Tilbakemelding:</b> <i>Utsnitt frå gjeldande reguleringsplan viser at det er regulert inn 6 parkeringsplassar i tilknyting til gravplassen på denne sida av Fv. 57 (sjå utsnittet under, plassane ligg i enden av teksta «urnelund»). Om desse p-plassane vert etablert her, vil det vere i tråd med reguleringsplanen. Ved mindre endringar, herunder ei mindre utviding av antal parkeringsplassar og eventuelt ny plassering, vil det ifølgje Byggesaksavdelinga kunne handsamast gjennom dispensasjon. Ved ei større utviding, vil det kunne vere</i></li></ul>		





snakk om reguleringssendring. Byggesaksavdelinga vil kunne ta stilling til dette når dei får eit konkret framlegg til parkeringsløysing.



Elles vil vi informere om at det er regulert ein stor parkeringsplass mellom kyrkja og Fv. 57, om det kan vere eit alternativ å opparbeide denne eller delar av denne (sjå utsnitt under).



Under er det vist utsnitt frå planframlegget til reguleringsplanen for Fv. 57 frå Lindås til Mongstad. Område BAA (gulstripa) viser mogleg riggområde.

**Post**

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø


**Kontakt**

[www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM





*Utover dette vil vi informere om at ei utviding av sjølve grav- og urnelunden, i tråd med det allereie avsette formålet, ikkje krev planendring eller søknad om dispensasjon, men det krev byggesøknad.*

*I etterkant av møtet 12.12.2017, har det vore gjennomført eit oppfølgingsmøte og dialog mellom Lindås kyrkjelege fellesråd og kommunen. Det skal også gjennomførast eit nytt møte. For at kommunen sine fagfolk skal kunne vurdere endringane, tilrår vi at desse vert konkretisert og nedteikna, og sendt inn i god tid før neste møte.*